



Kommunane i Møre og Romsdal

Legeressurs i sjukeheim – invitasjon til FAGDAG 04.april 2013

Vi viser til vårt brev datert 07.01.2013. Fylkesmannen inviterer til ein fagdag for sjukeheimslegar i Møre og Romsdal den 04.04.2013. Der vil utfordringane særskilt med tanke på «Rett legemiddelbruk i sjukeheim» bli teke opp. Den nye fastlegeforskrifta kap. 4 § 25 pålegg fastlegane å ha regelmessig legemiddelgjennomgang hos pasientar som brukar fire eller fleire faste legemiddel. Vidare vil vi ha fokus farmakologi, ved Ketil Arne Espnes, overlege ved avdeling for klinisk farmakologi ved St. Olavs hospital og allmennpraktikar.

Fylkesmannen vil legge fram erfaringar med tilsyn som er gjennomført, og ta opp forventningar til sjukeheimslegane. Det vil og bli sett av tid til å diskutere vidare opplegg i nettverket for sjukeheimslegane, der kontaktpersonane, sjukeheimslegane Reidun Sveas og Stian Endresen har regien. Nettverkssamlingane vil vere sentrale møtepunkt for dialog og erfaringsdeling.

Vi ser det som viktig at kommunen prioriterer sjukeheimslegane si deltaking på fagdagen, og at dei blir med i aktuelle nettverk.

Praktisk informasjon:

- Fagdagen er gratis
- Det er søkt om godkjenning teljande med 6 timar/poeng for spesialitetane allmenntmedisin, samfunnsmedisin og indremedisin
- Påmelding til fagdagen skjer elektronisk på heimesida til fylkesmannen fmmr.no
- Påmelding innan 17.mars
- Spørsmål om påmeldinga kan rettast til Kjellaug Finnøy:
kjellaug.finnoy@fylkesmannen.no
Tlf.71 25 80 67

Med helsing

Marit Hovde Syltebø (e.f.)
Fungerande direktør

Cato Innerdal
Ass.fylkeslege

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Foreløpig program

Kopi: Legekontor i Møre og Romsdal